



**Seksjon stab - Politisk og administrativt sekretariat**

Vår ref: 2018/900-12

Dato: 13.09.2018

Til: Kristian Helgesen

Frå: Bente Høyland

**Særutskrift - Folkehelsearbeid 2018 - tilskot**

Kommunestyret hadde saka føre i møte 30.08.2018 som sak 2018/60.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2018/900-7

**Saksbehandlar**

Geir Ove Fosse

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/54	Formannskapet	16.08.2018
2018/60	Kommunestyret	30.08.2018

## Søknad om opptak i Folkehelseprogrammet

### Innstilling frå rådmannen:

**Formannskapet tek saka til orientering og støttar administrasjonen sitt arbeid på feltet.**

### Behandling i Formannskapet den 16.08.2018

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

### Innstilling frå Formannskapet den 16.08.2018

Formannskapet tek saka til orientering og støttar administrasjonen sitt arbeid på feltet.

### Behandling i Kommunestyret den 30.08.2018

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Kommunestyret den 30.08.2018

**Formannskapet tek saka til orientering og støttar administrasjonen sitt arbeid på feltet.**

### Saksutgreiing:

Kommunesektoren ved KS og staten ved Helse- og omsorgsdepartementet har gått saman om å etablere «Program for folehelsearbeid i kommunane» (Folkehelseprogrammet). Programmet er ei 10-årig satsing for å utvikle kommunane sitt arbeid med å fremje befolkninga si helse og livskvalitet. Ordninga er organisert slik at fylkeskommunane søker opptak hjå Helsedirektoratet,

deretter søker kommunane opptak i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune er i 2018 teke opp i programmet og kommunane i Hordaland kan såleis søkje om deltaking allereie i år.

Tilsette i kommunen som arbeidar med folkehelse og/eller dei spesifikke fagområda har den siste tida vore involvert i prosessen med å følgje opp arbeidet og med å utvikle ein søknad. Dette er den store satsinga innanfor folkehelse frå statlege og regionale myndigheiter dei komande åra og det er viktig at Kvinnherad kommune er med for å hente kompetanse, dele erfaringar og for å nytte høve til å hente inn tilskotsmidlar. Fristane i prosjektet har vore korte og det har ikkje vore mogleg med politisk handsaming før søknaden vart sendt. Dette har fylkeskommunen teke omsyn til og det er såleis vanleg prosedyre å ettersende politisk vedtak. Søknaden om opptak i programmet er såleis sendt inn før fristen som var den 30.06.18.

Tiltaka det kan søkjast om, og som skal utviklast, skal ligge innanfor fire temaområde frå Regionalplan for folkehelse 2014-2024: *Nærmiljø og lokalsamfunn, Oppvekst og læring, Arbeid og Aktivitet og deltaking*. Det er eit krav at tiltaka er befolkningsretta og tek utgangspunkt i lokale behov.

Namn på søknaden frå Kvinnherad er: *Samordna og heilskapleg oppfølging av ungdom og unge vaksne som står i fare for å kome, eller som allereie er, utafør skule og/eller arbeidsliv*.

Dette stettar samtlege av temaområda til fylkeskommunen og er samstundes godt forankra i lokale behov då vi veit frå utarbeiding av *Folkehelseoversikten 2015-2019*, dei årlege folkehelseprofilane frå Folkehelseinstituttet og frå lokal kunnskap at dette er ei utfordring i Kvinnherad.

Søknaden ligg vedlagt saka. Den skisserar ulike mål for satsinga, ulike måtar å arbeide med utfordringa på og korleis vi bør sjå dei i samheng på tvers av fag og sektorar. Den er førebels ikkje konkret på i kva grad dei ulike tiltaka skal prioriterast, men det er lagt opp til at vi nyttar hausten 2018 til å utarbeide ein konkret prosjektplan. Dette er det også lagt opp til frå fylkeskommunen si side og det er sett frist 01. Desember 2018 å ha klar ein endeleg prosjektplan med framdriftsplan og oppdatert budsjett.

Sjå søknaden for utfyllande informasjon.

**Økonomisk konsekvens:**

Tilskot vil, dersom Kvinnherad vert teke opp i programmet, ligg på i underkant av 1 million kroner i året i 3-4 år.

Den økonomiske effekten for Kvinnherad vil vere mykje større, men vanskeleg å talfeste, dersom vi lukkast med å utvikle det vi søker om; *Eit samordna og heilskapleg oppfølging av ungdom og unge vaksne som står i fare for å kome, eller som allereie er, utafør skule og/eller arbeidsliv*. Målet er å nå ungdomen tidligare, hindra utaforskapskap, redusere tal unge på uføretrygd og negative langtidseffektar på helsa til dei som fell utanfor samfunnet på ulike arena.

**Miljømessig konsekvens:**

Positiv effekt på lokalsamfunn og miljø, men dei konkrete tiltaka vil verta prioritert som del av å utvikle endeleg prosjektplan hausten 2018.

Vedlegg:

Søknad om opptak i Folkehelseprogrammet